

MØTEPROTOKOLL

OS KOMMUNESTYRE

Møtedato: 28.01.2014**Møtetid:** 17:00 - 21:20**Møtestad:** Kommunestyresalen**Behandla saker:** 1 – 8/14

Møteleiar: Terje Søviknes	Parti Frp
-------------------------------------	---------------------

Medlemmer:	Parti:	Medlemmer:	Parti:
Terje Søviknes	FrP	Torill Keys	AP
Jonn Garvik	FrP	Arild Mads Nilsen	AP
Eirik Andre Hesthamar	FrP	Paal Moberg	AP
Lasse Færøvik	FrP	Kristin E. Haukeland	AP
Gustav Bahus	FrP	Lars Atle Skorpen	AP
Laila Marie Reiertsen	FrP	Harald Døsen	AP
Espen Aspenes	FrP	Anne Kristine Tøsdal	AP
Marianne Hjelle	FrP	Jostein Bondevik	KrF
Nina B. Halhjem	FrP	Helge O. Nygard	KrF
Sonja V. Hansen	FrP	Hilde Johanne Jensen	TvS
Oddgeir Bjoarvik	FrP	Anders Hjelle	TvS
Veronica Haugland	FrP	Terje Sperrevik	TvS
Karsten Austevoll	FrP	Eirik Neverdal	TvS
Olav Gunnstein Djuve	H	Terje Hatvik	V
Bjørn Reidar Matland	H	Jon Sivert S. Rykkel	V
Ståle Skaatun	H	Ingrid Netland	SP
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H		
Jonny Garvik	H		
Emil Tetlie Brimsholm	H		

Forfall: Anne Kristine Tøsdal (Ap) Jonn Garvik (FrP) Lasse Færøvik (FrP) Jonny Garvik (H)	Vara som møtte: Olav Søfteland Espen Engevik Leiv Gunnar Heggland Katrine Haugland
--	---

Sak	Ugild	Erstatter	Merknad
4, reguleringsplan for Stordalen	Oddgeir Bjoarvik	Svein Skoglund	

Frå administrasjonen møte:

Rådmann Knut Terje Rekve, Ass. Rådmann Paul J. Manger, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, kommunalsjefane Ingvar Torsvik og Nils- Petter Borge

Underskrifter:

Vi stadfester med underskriftene våre at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Os, den 28.01.2014

Terje Søviknes
Ordfører

Marie E. L. Bruarøy

Lars Atle Skorpen

Sakliste

Saksnr	Arkivsaknr./Tittel	Side
01/2014	14/204 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og saksliste	
02/2014	13/4608 Kommuneplan scenarioer for Os	
03/2014	13/4608 Steds- og mulighetsanalyse for Osøyro	
04/2014	10/4351 PRIVAT REG.PLAN FOR STORDALEN, DEL AV 44/1 OG 44/5, HALHJEM	
05/2014	11/2492 Høyringsuttale i samband med utvida bompengepakke - Stord vestside	
06/2014	14/204 Interpellasjon frå Krf om busetjing av flyktningar	
07/2014	14/204 Interpellasjon frå H om aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar	
08/2014	14/204 Interpellasjon frå Ap om om høve til fastlegane å reservera seg	

01/2014 - GODKJENNING AV INNKALLING, MØTEPROTOKOLL OG SAKSLISTE

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå ____ var godkjent.
Det var ingen merknader til innkallinga.

BEHANDLING OG VEDTAK I SAK 01/2014, OS KOMMUNESTYRE 28.01.2014

Behandling:

Ordføreren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 17.12.13 var godkjent.
Til saklista:
Sak 1, 4 og 5 vert å ta først.
Deretter kjem orienteringssakene, sakene 3 og 2.
Til slutt tek vi interpellasjonane, sakene 6 - 8.

02/2014 - KOMMUNEPLAN SCENARIOER FOR OS

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka

BEHANDLING OG VEDTAK I SAK 02/2014, OS KOMMUNESTYRE 28.01.2014

Behandling:

Vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

03/2014 - STEDS- OG MULIGHETSANALYSE FOR OSØYRO

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka

BEHANDLING OG VEDTAK I SAK 03/2014, OS KOMMUNESTYRE 28.01.2014

Behandling:

Vedtak:

Det vert ikkje gjort vedtak i saka.

04/2014 - PRIVAT REG.PLAN FOR STORDALEN, DEL AV 44/1 OG 44/5, HALHJEM

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret framlegg til detaljregulering med tilhøyrande føresegner for Stordalen, del av gnr/bnr 44/1 og 44/5 - Halhjem, datert 21. okt. 2013.

BEHANDLING OG VEDTAK I SAK 04/2014, OS KOMMUNESTYRE 28.01.2014**Behandling:**

Oddgeir Bjoarvik (FrP) er ugild i saka. I hans stad møter Svein Skoglund. Samrøystes vedtak som innstillinga.

Vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret framlegg til detaljregulering med tilhøyrande føresegner for Stordalen, del av gnr/bnr 44/1 og 44/5 - Halhjem, datert 21. okt. 2013

05/2014 - HØYRINGSUTTALE I SAMBAND MED UTVIDA BOMPENGEPAKKE - STORD VESTSIDE

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommunestyre har 28. januar 2014 handsama høyringssak kring søknad om utviding av perioden for bompengeneinnkrevjing på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg i ytterligere to år, fram til 1. januar 2017.

For Os kommune er E 39 fyrst og fremst viktig som stamveg Bergen – Stavanger, og sjølv om kommunen har forståing for nokre av argumenta for utviding av perioden finn ein det likevel rett å avslutte innkrevinga i tråd med fastsett tidspunkt 31.12.2014. I denne samanheng vil Os kommune gjere merksam på at innkrevjingsperioden allereie har vore utvida to gonger i høve opprinneleg plan.

Terje Hatvik (V) kom med følgjande endrings- og tilleggsframlegg:

Siste setningen er endra og gjeve eit tillegg:

I denne samanheng vil Os kommune gjera merksam på at innkrevjingsperioden til utbetring av Fv 545 gjennom Fitjar allereie har vore utvida to gonger i høve til opprinneleg plan. I tillegg finn Os kommune det noko påfallande at ferjesambandet Husavik-Sandvikvåg ikkje ligg inne i bompengesøknaden, all den tid reisande til og frå Austevoll også trafikkerer Fitjar.

BEHANDLING OG VEDTAK I SAK 05/2014, OS KOMMUNESTYRE 28.01.2014

Behandling:

Venstre sitt framlegg fekk 5 røyster (2V, 2Krf, 1Sp) og fall.
Administrasjonen si tinnstilling fekk dermed 30 røyster og vart vedteke.

Vedtak:

Os kommunestyre har 28. januar 2014 handsama høyringssak kring søknad om utviding av perioden for bompeng einnkrevjing på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg i ytterligare to år, fram til 1. januar 2017.

For Os kommune er E 39 fyrst og fremst viktig som stamveg Bergen – Stavanger, og sjølv om kommunen har forståing for nokre av argumenta for utviding av perioden finn ein det likevel rett å avslutte innkrevinga i tråd med fastsett tidspunkt 31.12.2014. I denne samanheng vil Os kommune gjere merksam på at innkrevjingsperioden allereie har vore utvida to gonger i høve opprinneleg plan.

06/2014 - INTERPELLASJON FRÅ KRF OM BUSETJING AV FLYKTNINGAR**Krf v/Jostein Bondevik sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret ber administrasjonen utrede økonomiske konsekvenser og praktiske muligheter for å øke antallet flyktingar til Os kommune i perioden 2014-2016. Saken legges frem for kommunestyret i løpet av 1. kvartal 2014.

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

1. Under føresetnad av at dette kan gjennomførast med den grunnbemanninga som Os kommune i dag har i flyktingetenesta, vil Os kommune kan ta del i den pågåande nasjonale dugnaden for å busetja flyktingar som har fått varig opphald i Norge. Kommunen vil då i 2014 kunne ta i mot eit avgrensa tal flyktingar, primært barnefamiljar, ut over dei 10 flyktingane som kommune allereie har vedtak om å busetja.
2. Vidare mottak av flyktingar i Os kommune for perioden 2015-17 vert å handsame i eiga sak i Os kommunestyre i løpet av 2014 (etter mal fråk.styresak 44/12).

BEHANDLING OG VEDTAK I SAK 06/2014, OS KOMMUNESTYRE 28.01.2014**Behandling:**

Krf sitt framlegg vart trekt.
Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Under føresetnad av at dette kan gjennomførast med den grunnbemanninga som Os kommune i dag har i flyktingetenesta, vil Os kommune kan ta del i den pågåande nasjonale dugnaden for å busetja flyktingar som har fått varig opphald i Norge. Kommunen vil då i 2014 kunne ta i mot eit avgrensa tal flyktingar, primært barnefamiljar, ut over dei 10 flyktingane som kommune allereie har vedtak om å busetja.
2. Vidare mottak av flyktingar i Os kommune for perioden 2015-17 vert å handsame i eiga sak i Os i løpet av 2014 (etter mal fråk.styresak 44/12).

07/2014 - INTERPELLASJON FRÅ H OM AKTIVITETSPLIKT FOR SOSIALHJELPSMOTTAKARAR

H v/Emil Tetlie Brimsholm sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen utarbeida ein plan for innføring av arbeidsplikt for sosialhjelpsmottakarar i Os kommune.

Svar frå Ordførar Terje Søviknes;

Arbeidslina i sosialpolitikken står sterkt i Norge Trass i dette opplever vi diverre at altfor mange vert ståande utanfor arbeidslivet.

Aktivitetsplikt, eller arbeidsplikt, har vore gjenstand for politisk debatt over fleire tiår. Sjølv har er alltid vore tilhengjar av arbeidsplikt som prinsipp, og meint som interpellanten at dette vil ha positiv verknad for spesielt for unge sosialhjelpsmottakere.

Dei seinare åra har NAV utvikla seg i retning av at stadig fleire må ta del i ulike aktivitetar for å kunne motta økonomisk støtte. Frå administrasjonen får eg opplyst at ein ved NAV Os meiner at ein gjennom standard for arbeidsretta brukeroppfølgning har "arbeid først" på agendaen. Dessuten stiller einvilkår til alleom aktivitet ved søknad om sosialhjelp. Unntaka er der helseplager er dokumentert og trygd er "vegen". Ein har p.t. bare 4 ungdommar i Os som ikkje er i ein eller annan form for aktivitet.

Eg meiner allikevel at dette er eit interessant tema å sjå nærare på, og at Tenesteutvalet er ein god arena for å få innsikt i det samla tilbode frå NAV og drøfta framlegget frå interpellanten nærare.

Eg vil difor rå kommunestyret til å oversenda saka til Tenesteutvalet med følgjande framlegg til vedtak;

Kommunestyret ber rådmannen fremja ei sak for Tenesteutvalet med ei vurdering av om arbeids-/aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar er eit tenleg tiltak i Os, inkludert kva moglegheiter, avgrensingar, konsekvensar og økonomiske og praktiske forhold eit slikt tiltak vil innebæra.

Dette er altså eit framlegg til vedtak som i første omgang ikkje går fullt så langt som interpellantens framlegg.

BEHANDLING OG VEDTAK I SAK 07/2014, OS KOMMUNESTYRE 28.01.2014

Behandling:

Høgre sitt framlegg vart trekt.

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen fremja ei sak for Tenesteutvalet med ei vurdering av om arbeids-/aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar er eit tenleg tiltak i Os, inkludert kva moglegheiter, avgrensingar, konsekvensar og økonomiske og praktiske forhold eit slikt tiltak vil innebæra.

o8/2014 - INTERPELLASJON FRÅ AP OM OM HØVE TIL FASTLEGANE Å RESERVERA SEG

Ap v/Lars Atle Skorpen sitt framlegg til vedtak:

Os kommunestyre meiner at dei lovendingane som er foreslått vil kunna føra til eit dårlegare og meir byråkratisk offentleg heilsetilbod. Forslaget vil også setja kvinner i ein vanskeleg situasjon i møte med primærhelsetenesta.

Kommunestyret meiner at omsynet til kvinner i ein sårbar situasjon veg tyngst og ber difor om at Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag ikkje blir vedteke. Dersom forslaget blir vedteke, vil kommunen ikkje tillata fastlegekontraktar som opnar forat fastlegar kan reservera seg mot åvisa til abort.

Os kommune formidlar også vårt syn i ein eigen høyringsuttale til Helse- og omsorgsdepartementet.

Ordførar Terje Søviknes (FrP) kom med følgjande framlegg:

Interpellasjonen vert å leggja med som vedlegg når saka frå Helse- og omsorgsdepartementet kjem til høyring. Høyringa skal gå til Tenesteutvalet og Os kommunestyre.

BEHANDLING OG VEDTAK I SAK o8/2014, OS KOMMUNESTYRE 28.01.2014

Behandling:

Samrøystes vedtak som innstillinga frå ordføraren.

Vedtak:

Interpellasjonen vert å leggja med som vedlegg når saka frå Helse- og omsorgsdepartementet kjem til høyring. Høyringa skal gå til Tenesteutvalet og Os kommunestyre.